

INFORMASJON 8 OM BARNEHAGE-/SKULEBRUKSPLAN

GODT NYTTÅR!

Basert på dei nye tilrådingane frå [Regjeringa](#), ser kommunen seg nøydd for å utsetje dei planlagde folkemøta i veke 3 og 4. Regjeringa kom med følgjande pålegg som gjeld offentlege arrangement:

Det kan maksimalt vere ti personar på offentlege arrangement innandørs

I første omgang gjeld desse nye tiltaka fram til og med 18.01, men for å vera sikre så har administrasjonen i samråd med ordføraren bestemt at desse folkemøta vil bli utsett til vekene 5, 6 og 7. Meir informasjon og detaljert oversikt over tider og anna kjem i god tid før desse vekene. Det kan hende at desse folkemøta må bli ytterlegare utsett, det vil me vurdere fortløpande i takt med Regjeringa sine føringar.

Alle som allereie har meldt seg på folkemøta treng ikkje gjera det på ny då me vidarefører påmeldingane til den enkelte bygd når me har fått oppdaterte datoar.

Elevrådsrunden vil bli gjennomført som planlagt 5.januar.

Minner om at det framleis er mogleg å skriva høyringsuttale fortløpande på heimesida til Vindafjord kommune, [det kan gjerast via denne lenka her](#).

Til orientering.

04.01.21

Yngve Folven Bergesen



Kommunedirektør Vindafjord kommune